

Arbeid med kjønnsnøytralt språk i norsk

Åse Wetås

Artikkelen er ein skriftleg versjon av ein kort presentasjon som blei halden under Nordisk språkmøte i Vejle i mai 2025. Presentasjonen av arbeidet med kjønnsnøytralt språk i norsk var ein del av eit felles bidrag frå Nettverket for språknemndene i Norden, der dei ulike landa og språkområda presenterte arbeidet med kjønnsnøytralt språk i sine respektive språknemnder.

Innleiing

I Noreg kom kjønnsdiskriminerande språkbruk på dagsordenen på 1970-talet, og det var kvinnerørsla som særleg sette søkjelyset på korleis språkbruk kan bidra til å sementera eller endra haldningar til tradisjonelle kjønnsrollemønster. Aktivismen gav etter kvart både politiske og språklege resultat, og gjennom dei neste tiåra kan ein sjå endringar særleg i form av at mange mykje brukte titlar og yrkesnemningar i språket gjekk frå å vera kjønnsmarkerte til å bli kjønnsnøytrale. Illustrerande eksempel er endringa frå *formann* til *leiar*, *lærarinne* til *lærer* og *vaskekone* til *reinholdar*.

Gjennom desse tiåra galdt endringane primært substantiv. Med utgangspunkt i det grammatiske trekjønnsystemet i norsk var det òg noko merksemd om pronomenbruk. På denne tida kom det hovudsakleg til uttrykk gjennom at somme skribentar tok i bruk *ho* på stader der ein tradisjonelt hadde brukt *han* i tilfelle der kjønn var ukjent eller ikkje nærare spesifisert. Slike tilfelle representerte samstundes unntaka, og denne pronomenbruken framstod som markert i samtida. Etter kvart vaks det i norsk i staden fram ein annan kjønnsbalansert pronomenbruk, med bruk av «ho eller han», «ho/han» eller liknande variantar.

2000-talet og pronomenet *hen*

Dei seinaste 15–20 åra har me i Noreg sett ei aukande merksemd om spørsmål knytte til språk og kjønn. Utgangspunktet ser ut til å vera eit meir nyansert syn på kjønnsstilhøyrsløse og eit ønske om å synleggjera mangfald. Dette har særleg komme til uttrykk gjennom problematisering av pronomenbruk, og kjønnsnøytrale pronomen er blitt testa ut i språkbruken.

Framlegg om eit kjønnsnøytralt pronomen i norsk dukka opp så tidleg som på eit årsmøte i Norsk Språkråd i 1981, men det blei den gongen raskt lagt til

sides. Meir diskusjon om spørsmålet blei det først etter årtusenskiftet. Fleire alternativ blei lanserte, mellom anna *ben*, *hæn*, *hin* og *haun*. I dei første femten åra av 2000-talet ser me at spørsmålet er sporadisk oppe i det offentlege ordskiftet, men det er lite skriftleg bruk av alternative og kjønnsnøytrale pronomen. I 2014 vaks merksemda om eit norsk kjønnsnøytralt pronomen, som eit resultat av aukande bruk av pronomenet *hen* i svensk. Diskusjonen på norsk side gjekk på denne tida høgt, og stemninga var til dels oppheita.

Samstundes ser me at pronomenet *hen* etter kvart kom stadig meir i bruk, også skriftleg. I somme tilfelle galdt bruken omtale av personar som sjølv føretrakte det, men det meste av bruken knytte seg til tilfelle der kjønn var ukjent eller uvesentleg, eller også til tilfelle der det blei brukt for å anonymisera. Det sistnemnde kunne også gjelda språkbruken i offentlege etatar, til dømes i meldingar frå politi og barnevernsteneste.

Språkrådet hadde spørsmålet om *hen* oppe til diskusjon fleire gonger, men først i 2021 foreslo rådet å normera pronomenet (subjekt- og objektform, og possessivform) og løfta det inn i rettskrivingsordbøkene *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*. Bakgrunnen var observasjonar av aukande bruk over tid og aukande mengd førespurnader og ønske om Språkrådets rettleiingstenester i korrekt bruk av kjønnsnøytralt pronomen i skrift. Framlegget til normering blei lagt ut til offentlig høyring i 2021, og i 2022 gjorde styret i Språkrådet endeleg vedtak om å ta *hen* inn i norma for bokmål og nynorsk. Det kom opp ein del diskusjon i samband med at saka kom på høyring, men debatten hadde stilna heilt av då det endelege vedtaket kom.

Same dag som vedtaket om *hen* skjedde, publiserte *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* ordartikkelen *hen* med dei to tydingane som då var registrerte i bruk:

Bokmålsordboka 2	Nynorskordboka 2
hen₁ PRONOMEN Vis bøyning ▾ OPPHAV gjennom svensk <i>hen</i>, frå finsk <i>hän</i> BETYDNING OG BRUK 1. brukt for å vise til ein person når kjønn er ukjent, uvesentleg eller holdes skjult; han/hun, han eller hun. vedkommande (1) Eksempel eleven må vise <i>hva</i> hen <i>duger</i> til; pasienten <i>sier</i> hen <i>har vært syk</i> lenge; kjøperen må vise kvittering <i>hvis</i> hen <i>returterer</i> varen; <i>hva</i> mener en italiener når hen <i>sier</i> "buono sera"? 2. brukt for å vise til ein person som føretrekker pronomenet 'hen' framfor 'han' eller 'hun' Eksempel hvor er Kim, har noen sett <i>hen</i>? hen er ikke-binar	hen₁ PRONOMEN Vis bøyning ▾ OPPHAV gjennom svensk <i>hen</i>, frå finsk <i>hän</i> TYDING OG BRUK 1. brukt for å vise til ein person når kjønn er ukjent, uvesentleg eller blir halde skjult; han/ho, han eller ho. vedkommande (1) Døme eleven må vise <i>kva</i> hen <i>har lært</i>; pasienten <i>seier</i> hen <i>har vore sjuk</i> lenge; kjøperen må få dei opplysningane hen <i>har krav på</i>; <i>kva</i> meiner ein grekar når hen <i>seier</i> "kalimera"? 2. brukt for å vise til ein person som føretrekker pronomenet 'hen' framfor 'han' eller 'ho' Døme kor er Kim, har nokon sett <i>hen</i>? hen er ikkje-binar

Skjermbilete frå www.ordbokene.no

I 2025 er det lett å konstatere at pronomenet *hen* er i jamn bruk, og det ser stort sett ut til å vera oppfatta som ein nøytral og allment akseptert del av den norske rettskrivinga. Samstundes observerer Språkrådet visse tilfelle av ønske om bruk av *dei* som kjønnsnøytralt eintalspronomen, etter mønster av engelsk *they*, i tilfelle der ønsket er å markere eksplisitt at personen det gjeld, føretrekkjer eit anna pronomen enn dei kjønnsmarkerte.

Arbeid med kjønnsnøytrale titlar og nemningar på 2020-talet

Arbeidet med å skifta ut kjønnsmarkerte yrkestitlar og nemningar i norsk har gått jamt og trutt også etter årtusenskiftet. I 2017 fekk *lov om statens tenestemenn* avløysing av *lov om statens ansatte*. Ved årsskiftet 2018–2019 blei yrkestittelen *helsesøster* avløyst av den kjønnsnøytrale tittelen *helsesjukepleiar*. Etter berre eit halvt år passerte den nye tittelen den gamle i faktisk bruk, og sjukepleiarane sjølve har stått i bresjen for arbeidet med den språklege endringa.

I 2019 gjorde det norske Stortinget vedtak om at det skulle setjast i verk systematisk arbeid for å erstatta kjønnsmarkerte yrkestitlar i alle delar av den norske staten med nye kjønnsnøytrale titlar. Bakgrunnen var at Stortinget meinte at særleg yrkestitlar med sisteleddet *-mann* i dag ikkje lenger var å oppfatta som kjønnsnøytrale.

For å få god systematikk i endringsarbeidet sette det norske Kultur- og likestillingsdepartementet (som forvaltar både språk- og likestillingspolitikken i Noreg) i gang ei kartlegging der kvart departement fekk ansvar for å identifisera kjønnsspesifikke titlar på eige sektorområde, og i neste omgang for å komma med framlegg til kjønnsnøytrale titlar. I dette arbeidet skal Språkrådet som statens forvaltningsorgan for språk gje råd i kvar einskild sak, medan vedtaksretten ligg i det einskilde departementet.

I perioden har det komme fleire nye og kjønnsnøytrale yrkesnemningar på plass i staten, og dei har erstatta gamle nemningar med andreleddet *-mann*. Sentrale eksempel er:

fylkesmann > *statsforvaltar*

sysselmann > *sysselmeister*

lensmann > *politistasjonssjef*, *politiavdelingsleiar*

Språkrådet har vore involvert som rådgjevande instans i alle desse sakene og har ikkje hatt større innvendingar. Sjølv om *-mann* i eldre språk har tydinga 'menneske', oppfattar nok dei fleste språkbrukarar at det sentrale tydingsinn-

haldet i dag er 'person av hankjønn', og Språkrådet har difor i hovudsak vore positive til endringane.

Ei sak som førebels ikkje er avgjort, er framlegget til endring frå *embetsmann* til *embetsbaldar*, som låg i framlegga i NOU 2023: 21 *Embetsordningen – i takt med tiden*. Tittelen *embetsmann* har lang tradisjon i den norske statsforvaltninga, men i mindre offisielle samanhengar syner det seg tendensar til at tittelen er forsøkt bytt ut med *embetsperson* eller også *embetskvinne*. I spørsmålet om kjønnsnøytral tittel i dette tilfellet peika Språkrådet overfor NOU-utvalet på at førsteleddet *embets-* i seg sjølv kan verka framand på mange moderne språkbrukarar. Når ein likevel skal sjå på ein ny yrkestittel, meiner rådet det ville vera klokt å vurdere heilskaplege alternativ som kan vera meir klarspråklege i møte med innbyggjarane. Språkrådet har i denne prosessen òg konkret rådd frå å bruka etterleddet *-baldar*, sidan dette er svært uvanleg i moderne stillingstitlar. Det er førebels ikkje teke noka avgjerd i spørsmålet.

Tidleg i mai 2025 la det norske Justis- og beredskapsdepartementet (JD) ut på allmenn høyring eit framlegg om å endra dei gamle juridiske termene *lagmann* og *lagmannsrett* til *lagrettsleiar* og *lagrett*. Høyringssvaret frå Språkrådet peika på nokre grunnleggjande språklege problem med framlegget og rådde frå denne spesifikke endringa. Saka er framleis til vurdering, og det er opp til regjeringa å ta den endelege avgjerda om eventuelle nye termar på dette viktige området.

Sluttord

I dag er dei aller fleste yrkestitlane i Noreg kjønnsnøytrale. I arbeidet som har vore gjort på området, ser Språkrådet at det somme gonger er drøftingar ute i fagsektorane om meir vidtgåande endringar enn dei som isolert sett gjeld titlar og yrkesnemningar. Slik var det til dømes då det norske Sjøfartsdirektoratet i 2025 i eit større høyringsdokument med framlegg til kjønnsnøytrale nemningar for mellom anna *sjømann* og *styrmann* peika på at dei i prosessen også hadde hatt oppe til diskusjon allmennord som *mannskap* og *bemannning*. I høyringsdokumentet innstilte direktoratet på at dei sistnemnde ville vera vanskelege å finna avløysarar for, og Språkrådet støtta denne avgjerda i høyringssvaret sitt.

Somme yrkesnemningar står att som vanskelege å finna gode kjønnsnøytrale alternativ til. Det gjeld ikkje minst den eldgamle yrkesnemninga *jordmor*. Her har Språkrådet til nå ikkje registrert at det er lansert nye termkandidatar, og det vil venteleg vera vanskeleg å finna ei god og dekkjande nemning som får gjenklang både i fagmiljøa og i det større språkbrukarsamfunnet.

Samstundes ser me at allmennord i norsk som *franskmann* og *nordmann* ikkje lenger blir sett på som kjønnsnøytrale nemningar av alle språkbrukarar.

Det er ein tendens til at ein god del nyttar omskrivingar som *ei fransk kvinne*, *ei dame frå Noreg* osv. for å unngå bruk av desse orda. Språkrådet gjev gjerne råd også på dette området, men i spørsmål om det meir allmenne ordforrådet vil det uansett alltid vera språkbrukarane sjølve som har siste ordet.

Summary

This article is a written version of a short presentation given at the Nordic Language Meeting in Vejle, Denmark in May 2025, as part of a joint contribution from the Network of Language Councils in the Nordic countries, where various countries and language areas presented their work on gender-neutral language.

In Norway, efforts to change gender-discriminatory language have been ongoing since the 1970s, with the introduction of gender-neutral titles and occupational terms. In the past 15–20 years, there has been increased focus on gender-neutral pronouns, and "hen" was officially included in the dictionaries in 2022. In the 2020s, the state has worked to follow up on a demand from the Norwegian Parliament to implement gender-neutral titles throughout the state. This process is ongoing.

Referansar

Bokmålsordboka og Nynorskordboka www.ordbokene.no.

Justis- og beredskapsdepartementet, 2025: *Høyring om endringar i lovgevinga som følgje av innføring av kjønnsnøytrale titlar og nemningar i domstolane* <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/hoyring-endringar-i-lovgjevinga-som-folgje-av-innforing-av-kjonnsnoytrale-titlar-og-nemningar-i-domstolane/id3098529/?expand=horingsbrev>.

Norsk Språkråd, 1981: *Årsmelding* <https://www.nb.no/items/080667a6d4662f9b4163c147021e0910?page=1&searchText=norsk%20spr%C3%A5kr%C3%A5d%20%C3%A5rsmelding%201981>.

NOU 2023: 21: *Embetsmannsordningen – i takt med tiden*. Utredning fra et utvalg oppnevnt ved kongelig resolusjon 3. september 2021 <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2023-21/id2985314/>.

Sjøfartsdirektoratet, 2024: *Forslag om endring i Sjøfartsdirektoratets forskrifter som følge av innføring av kjønnsnøytrale benevnelser* <https://www.sdir.no/regelverk/horingsutlisting/forslag-om-endring-i-sjofartsdirektoratets-forskrifter-som-folge-av-innforing-av-kjonnsnoytrale-benevnelser--horing/>.

Språkrådet, 2025: Høringssvar til Sjøfartsdirektoratet til forslag om endring i forskrifter som følge av innføring av kjønnsnøytrale benevnelser <https://sprakradet.no/wp-content/uploads/Horingssvar-%E2%80%933-forslag-om-endring-i-forskrifter-som-folge-av-innforing-av-kjonnsnoytrale-benevnelser.pdf>.

Språkrådet, 2025: Høringssvar til Justisdepartementet til framlegg om endringar i lovgjevinga som følgje av innføring av kjønnsnøytrale titlar og nemningar i domstolane <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/hoyring-endringar-i-lovgjevinga-som-folge-av-innforing-av-kjonnsnoytrale-titlar-og-nemningar-i-domstolane/id3098529/?uid=7572d2e6-3c88-4afa-bee1-fde75b29d796>.

Forfattar

Åse Wetås var fram til medio april 2026 direktør i Språkrådet (Noreg). Wetås er dr.art. frå Universitetet i Oslo (2008). Ho har lang erfaring både som namnegranskar og leksikograf og var i fleire år prosjektdirektør for Norsk Ordbok før ho i 2015 gjekk inn i stillinga som direktør for Språkrådet. I april 2026 gjekk ho inn i ny stilling som nasjonalbibliotekar i Noreg.

Nøkkelord

kjønnsnøytralt språk, kjønnsnøytrale yrkesnemningar, pronomen

Bibliografiske opplysninger

Wetås, Åse, 2026: Arbeid med kjønnsnøytralt språk i norsk.
I: Kirsten Lindø Dolberg-Møller (red.): *Sprog i Norden 2026*, s. 32-37.
<https://tidsskrift.dk/sin/index>

© Forfatterne og Netværket for Sprognævnene i Norden
